

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 25.04.2023

Vår ref.: 202301847-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Ny 300 (420) kV sjøkabel over Fensfjorden, Haugsvær – Lindås. Høyring av detaljplan.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fekk den 17.03.2023 tilsendt ein detaljplan frå Statnett SF for ei ny 420 kV sjøkabel over Fensfjorden. Tiltaket er planlagt i Alver, Gulen og Masfjorden kommunar i Vestland fylke. Detaljplanen vert no sendt på høyring, og vi ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 19.05.2023.

Informasjon om høyringa

NVE ga den 22.08.2022 Statnett løyve til å bygge og drive 300 (420) kV sjøkabel over Fensfjorden, frå Ildalsvågen til Mongstad. Løyva frå NVE ble påklaga til Olje- og energidepartementet (OED). OED stadfesta NVE sitt vedtak den 21.11.2022.

I samband med konsesjonsbehandlinga var konsesjonssøknaden for tiltaket på offentleg høyring. Detaljplan vert no sendt på høyring til eit mindre utval av høyringsinstansar. Om det er aktuelle etatar/grunn-/rettshavarar som ikkje har fått søknaden på høyring frå NVE, ber vi Statnett orientere desse om søknaden og høyringa.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn til NVE innan 19.05.2023 på ein av følgjande måtar:

- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202301847 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Statnett har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med dei som har rettar og vert råka av tiltaket før arbeida kan starte opp.

Kva er en detaljplan, og kva ønskjer vi innspel til?

I konsesjonen er det sett vilkår om at det skal utarbeidast ein detaljplan, tidlegare kjend som en miljø-, transport og anleggsplan (MTA) . Ein detaljplan er ein plan for korleis anlegget skal byggast for å ta i vare krava i konsesjonen. Detaljplanen skal og konkretisere korleis Statnett skal bygge og drive anlegget, slik at miljø og landskap blir teke best



mogeleg i vare . Planen skal utarbeidast i kontakt med kommunane, grunneigarar og andre med rettar.

Detaljplanen skal vere godkjent av NVE før anleggsstart, og det er denne planen vi no sender på høyring. NVE ber om innspel til korleis anleggsarbeidet kan gjennomførast.

Dokumenta er tilgjengeleg på NVE si nettside [Konsesjonssak - NVE](#)

NVE fører tilsyn med anleggsarbeidet

Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn, og tilsynet vert utøvd av NVE. NVE vil føre tilsyn med at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår og godkjende planar. Vi vil og føre tilsyn for å følge opp at anleggsområda vert rydda og sett forsvarleg i stand.

Energianlegg med konsesjon etter energilova er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unntatte frå byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova.

Med helsing

Inger Helene Waagaard Riddervold
seniorrådgivar

Godkjent av:
Anne Johanne Kråkenes
seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Statens Kartverk Oslo
MASFJORDEN KOMMUNE
Gulen kommune
EQUINOR ASA
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ALVER KOMMUNE
Målfrid Dyngeland
Vigdis Snekkevik
Trygve Asbjørn Wergeland



Kopimottakarliste:

STATNETT SF

STATNETT SF - John Alvsvåg